



Referat

Utval: Fitjar sokneråd
Møtestad: Fitjar rådhus, kommunestyresalen
Dato: 19. oktober 2017
Tid: Ca. kl. 19.30 (etter møtet i fellesrådet)
Møtenr.: 6/2017

Forfall må meldast til kyrkjeverje Harald Rydland på e-post eller tlf. 913 47 802.
Peder Rygg Drønen møter som fast vara. Andre varamedlemer møter kun etter særskilt innkalling.

Faste medlemmer som har møtt:

Namn	Funksjon
Helga Olsen Aadland	Leiar
Sigrid Marie Fangel	Nestleiar <u>N.B. Ord for dagen</u>
Gunnvald Aarbø	Medlem
Terje Havro	Medlem
Mette E. Lambach	Medlem
Bodil Nesse	Medlem
Rasmus Fitjar	Medlem
Sindre Aarbø	Medlem
Olav Oma	Sokneprest
Harald Rydland	Kyrkjeverje

Forfall:

Namn	Funksjon
-------------	-----------------

Varamedlemmer som møtte:

Namn	Funksjon
Peder Rygg Drønen	!. varamedlem

Varamedlemmer som ikkje møtte

Namn	Funksjon
Arne Prestbø	2. varamedlem
Solbjørg Larsen Tverderøy	3. varamedlem
Tove Helen Løland Aarskog	4. varamedlem
Åse Rygg H. Nøttveit	5. varamedlem
Fridleif Lydersen	Vara for soknepresten



Sakliste:

Saksnr.	
S-24/17	Liste over gudstenester og andre arrangement 1. halvår 2018
S-25/17	Offerliste for 1. halvår 2018
S-26/17	Arrangement i kyrkja sin regi
S-27/17	Godkjenning av referat
S-28/17	Meldingssaker
S-29/17	Open post

S-Sak 24/17: Liste over gudstenester og andre arrangement 1. halvår 2018

Framlegg til vedtak:

Soknerådet sluttar seg til gudstenestelista for 1. halvår 2018 slik den ligg føre.

Behandling i soknerådet 19.10.2017

Soknepresten har laga framlegg til gudstenestelista for 1. halvår 2018, og han orienterte nærare om lista og behandlinga i gudstenesteutvalet i møtet.

Vedtak (samrøystes):

Soknerådet sluttar seg til gudstenestelista for 1. halvår 2018 med endring av møtet 17. juni til Strandamøte istadenfor i kyrkja.

S-Sak 25/17: Offerliste for 1. halvår 2018

Framlegg til vedtak:

Soknerådet sluttar seg til lista over kyrkjeoffer for 1. halvår 2018 slik den ligg føre. Ordninga med at kyrkjelyden sjølv skal ha 10 % av alle kollektar som vert teke opp til andre organisasjonar held fram.

Behandling i soknerådet 19.10.2017

Soknepresten har laga framlegg til liste for kyrkjeoffer for 1. halvår 2018 og orienterte om den i møtet.

Vedtak (samrøystes):

Soknerådet sluttar seg til lista over kyrkjeoffer for 1. halvår 2018 slik den ligg føre med dei endringane som kom fram i møtet. Dersom det ikkje vert tilsett kyrkjelydsprest vil offer til prest gjerast om til offer til kyrkjelyden. Ordninga med at kyrkjelyden sjølv skal ha 10 % av alle kollektar som vert teke opp til andre organisasjonar held fram.

S-Sak 26/17: Arrangement i kyrkja sin regi

Framlegg til vedtak:

Det vert ikkje lagt fram tilråding i saka.

Behandling i soknerådet 19.10.2017

Gjennomførte arrangement:

Svært vellukka kveld med koret Skruk..

Kommande arrangement:

Prostimøte med jubileumsgudsteneste for Martin Luther 31.oktober.

Helgemesse 5. november vert arrangert av diakonemda. Dei som har mista en av sine kjære vert invitert og kan kjøpa middag i Bedehuset etter gudstenesta.

150 års jubileumsgudsteneste og –fest for kyrkja vert 19. november. Bedehuset er leigd for laurdag og søndag. Festkomite er oppnemd. Kyrkjekontoret annonserer festen og ordnar med plakatar.

Frivillighetsnemda sender ut invitasjon til faste gjevarar og frivillige i kyrkjelyden. Program med helsningar ordnar Sigrid Fangel i samråd med sokneprest Oma.

Det vert fire julekonsertar før jul.

Juleavslutning for sokneråd og tilsette, samt nokre inviterte vert 7. desember i Peraløo.



Vedtak (samrøystes):

Soknerådet har gått gjennom arrangement i kyrkja si regi som både har vore og som kjem.

S-Sak 27/17: Godkjenning av referat

Framlegg til vedtak:

Soknerådet godkjenner referatet frå møte den 21. september 2017.

Behandling i soknerådet 19.10.2017

Ingen kommentarer.

Vedtak (samrøystes):

Som framlegg til vedtak.

S-Sak 28/17: Meldingssaker

Framlegg til vedtak:

Soknerådet tek meldingane til orientering

Behandling i soknerådet 19.10.2017

I møtet vil det bli orientert om desse sakene:

1. Møte med kyrkjetenarar og klokkarar
Arbeidsreglement er laga.
2. Lydanlegg på galleriet
Lyden har vore dårleg på galleriet, men no har ein fått to høgtalarar dit og ein i våpenhuset. Lyden er betre no. Det skal ordnast med mikrofon for å forsterka lyden frå kyrkjeklokkene.
3. Lysanlegget på kyrkjegarden
Jfr. F-Sak 30/17 i referat frå fellesrådet 19.10.2017 om tilstandsrapport for kyrkjebygget, der det vert nemnd at ein bør endra rutineane om bruk av flombelysning.

Sak 29/17: Open post

Behandling i soknerådet 19.10.2017

Nye arrangement v/Helga Olsen Aadland

Dersom nokon har lyst til å starta opp nye tilbod til uansett aldersgruppe i kristen regi så er dei velkommen til det.

Sindre orienterte om at det er mange gode tilbod for born i Bedehuset, men ein manglar tilbod for gitar før 5. klasse.

Signering:

Sekretær

Leiar